

## Årsmelding 2012 NLA Hordaland

---

### Arrangement 2012

31. januar **Kan landskapsarkitektar verta meir kreative, då?**  
Tema: Vil fokusering og struktur svekka kreativiteten?
31. januar arrangerte me eit møte med kreativ prosess som tema. Landskapsarkitekt Kjell-Ove Hjelmeland frå Norconsult delte sin kunnskap med oss gjennom foredrag og øvelsar som anskueleggjorde teknikkar for betre resultat gjennom målretta kreativitet.
13. mars **Lokalt årsmøte**
- NLAH innleia årsmøtet med ein introduksjon til kinesisk landskapsarkitektur. Landskapsarkitekt Manfei Wang spurte «Er det ekte `Made in China`?» og viste eksempel frå prosjekt i Kina.
- Styret vart sitjande.
07. juni **Sommaravslutning**
- På det som viste seg å verta årets fineste dag arrangerte me sommaravslutning. Me gjekk ombord på M/F Levang og tok ein kikk på Bergen frå sjøsida. Landskapsarkitekt Mogens Lock Hansen frå Grønn Etat orienterte om områdeutvikling i Damsgårdsundet. Kjell-Ove Hjelmeland og Fritjof Stangnes stod for underholdninga og inviterte alle med på allsong. Det vart servert sushi, og me kunne kjøpa noko godt å ha i glaset.
06. september **Haustmøte**  
Tema: Grønn Etat – kva skjer i kommunal regi?
- I tillegg til at Grønn Etat presenterte planar i regi av kommunen, vart det rom for ein diskusjon om ei evt. samanslåing mellom NIL, NAL og NLA. Sistnevnte vart gjennomført som ei førebuing til haustkonferansen og kontaktutvalgsmøtet i Tromsø.
26. september **Fellesmøte med BAF**  
Tema: Byrom i Bergen
- Denne kvelden tok me ein kikk på byromma frå Torget til Østre Murallmenning. Landskapsarkitekt Inger Hageberg fra Multiconsult og arkitekt Christine Biesel frå Eder Biesel var guidar. Møtet vart avslutta med innlegg og debatt samt enkel servering hos HLM arkitekter.

21. november

**Fellesmøte med NAML**

Tema: Korleis fungerer samarbeidet mellom landskapsarkitekt og anleggsgartner? Har me forbedringspotensiale?

I Sweco si kantine på Storetveit vart det arrangert fellesmøte mellom NLAH og NAML med godt oppmøte. Praten gjekk livleg, og me vart i fellesskap enige om at arrangementet frista til gjentakning.

Hausten 2013 skreiv NLAH ein merkand til områdeplanen for Mindemyren. NLAH har som ambisjon å delta meir aktivt i debatten rundt by- og tettstadsutvikling i tida framover, og me vil oppfordra andre lokallag til å gjera det same.

Det nye styret har som målsetjing å samla medlemmer til sosialt og fagleg påfyll om lag 3 gonger i halvåret. Det er eit ønske at eitt av møta kvart halvår skal arrangerast i samarbeid med BAF og BOBY Bergen.

Bergen 13.03.2013

Silje Aksnes  
For NLA Hordaland